

## FEBRUAR-RUTINEN

### 1. Kommune- og fylkestingsvalet

### 2. 1.mai

### 3. Instruks om kvartalsrapport og kontingent for 1.kvartal 1975

Oslø 27/1 1975

organisasjonsvalget

## KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET

Vi vil gå gjennom ein del viktige vedtak og gje eit rise av arbeidsplanen for valkampen.

### 1. Listestilling

SKAU har diskutert listestillinga på nytt og har vedtatt at Raud Valallianse ikkje skal stille liste i

Innan 1.mars vil vi ha lagsvedtak om listestilling, slik at vi kan få klara av om det finst usemje.

### 2. Vålinnsamlinga

Vi viser til artikkel i februar-nummeret av Tjen Folket. Vi må altså samle inn totalt 300 000 kroner før valet, og vi må sette oss eit delmål på 75 000 før 1.mai. Den fyrste delen av innsamlinga meiner vi må drivast om lag som den vi hadde i haust, altså fort og effektivt og i hovedsak internt. For den delen av innsamlinga som går etter 1.mai må vi legge større vekt på metoder for å mobilisere vener og sympatisører til å gje pengar.

Vi har brote ned målsettinga og for laget ser det slik ut: totalt  
- før 1.mai  
Usemje må meldast.

### 3. Arbeidsplan

Dette er ikkje ein detaljert plan, men han kan gje eit inntrykk av korleis vi tenker oss frmadrifta i arbeidet.

Sentralt vil ein "tiltakskomite" oppstå ca. 8/2 - ut i Klassekampen i veka etter. I samband med lanseringa av RV vert det diskutert å starte ein kampanje mot utelukkinga frå valprogramma i NRK. Vi minner om at Landskonferansen vedtok å før ein slik kampanje på demokratisk grunnlag. Eit av forslaga til ei slik kampanje har vore namneinnsamling. Følg med i Klassekampen.

Hovedtrekka i boikott-planen blir da:

februar: masseutdeling av presentasjonsavis for Raud Valallianse

før påske: lagsdiskusjon om valkampen, valkampinnsamling

valkampplan for høgre skolar

april: valakmp på høgre skolar, valkampinnsamling

mai: konsolidering og org nisering av vener og sympatisører, valakmapinnsamling

valkampplan for hausten

august/sept.: intensiv valkamp, valakmpinnsamling

Dei fleste av dykk har høgre skolar i byen/distriktet. Desse skolane går i oppløysing rett etter 1.mai og er ikkje skikkelig i gang att før valet. Det er difor naudsynt å føre valakmp der før 1.mai. I opplegget må de ta omsyn til at mange på desse skolane vil kunne stemme RV i heimkommuna.

Vi meiner presentasjonsavisa bør delast ut tidleg, slik at ho kjem best muleg på avstand frå 1.mai.



Som de ser vil valet stille oppgaver før påske for alle, vi meiner difor at lagsmøtet om valet bør haldast før påske - og helst i februar.

#### 4. Propagandaplan

Ikkje alle desse avisene skal brukast i boikott-kampanja, men vi tek med alle dei sentrale avisene som er planlagde. Aviser som de bør bruke er utheva med store bokstaver.

- |                          |              |
|--------------------------|--------------|
| (1) PRESENTASJONSAVIS    | ca. 26.febr. |
| (2) ELEV/STUDENTAVIS     | " 12.mars    |
| (3) Kvinneavis           | " 19.mars    |
| (4) SOSIALSIME/SUPERMAKT | " 26.mars    |
| (5) Arbeidsplassavis     | " 7.mai      |
| (6) Småbruker/fisker     | " 11.juni    |
| (7) BOIKOTTAVIS          | " 9.juni     |

Vidare vil det bli laga plakater og ein sentral avslutningssedel. Det vil ikkje bli laga jakkemerke grunna omsynet til sikkerheten.

#### 1. MAI

- (1) Vi minner om rapportfrist frå avdelinga si drøfting av 1.mai. Punkt til oppsummeringa vart sonndt ut i desember-rutinen. Fristen er 15/2.
- (2) I desember-rutinen vart det varsle formannskonferanser om 1.mai i alle fylke i april - OU står for konferansen. Første dag vil vi ta opp 1.mai og andre dag valkampen. Meir materiale om det politiske opplegget kjem i mars.

Dere skal ha konferanse den

Innvendingar til tidspunktet må meldast innan 1.mars.

- (3) Sentralt materiale om 1.mai vil i hovedsak vera klart i starten av mars. Det gjeld Fagleg Front-merkar og diverse plakater: kvinne, ungdom, arbeidsplass, fiskerigrense m.m. Dette materialet vert annonsert i KK for bestilling.

#### INNSTRUKS FOR KVARTALSRAPPORT OG KONTINGENT for 1.KVARTAL 1975

Både kvartalrapporten og kontingenten skal leverast på konferansen om 1.mai og valkampen. Styret må sørge for at pengane er krevd inn til da.